



Årdal kommune
Teknologibygd



**Årdal
nasjonalparkkommune**

NATURMANGFALDSPLAN

ÅRDAL KOMMUNE 2026-2038





PLANPROGRAM

KOMMUNEDELPLAN FOR NATURMANGFALD *****

Plan for Naturmangfald Fastsett i kommunestyret *****

INNHold

Kommunedelplan for Naturmangfald *****	2
1. INNLEIING	3
1.1 Bakgrunn for planarbeidet	3
1.2 Føremålet med planen	4
1.3 Planprogram	5
1.4 Planprosessen	5
2. RAMMER FOR PLANARBEIDET	5
2.1 Nasjonale føringar	5
2.2 Regionale føringar	7
2.3 Kommunale føringar og andre styringsdokument	7
2.4 Andre føringar	8
3. INNHALD I PLANEN	9
4. ORGANISERING AV PLANARBEIDET	10
4.1 Organisering	10
4.2 Medverknad	11
4.3 Kva er spesielt ynskjeleg av innspel til oppstart av planarbeidet?	11
4.4 Framdriftsplan	12



1. INNLEIING

1.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Årdal kommune har gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel sett seg mål om å ha ein miljø-, klima- og arealpolitikk som sikrar dagens og komande generasjonar sitt behov og valmoglegheiter med ein berekraftig utvikling. Som eit grunnlag for å oppnå dei mål kommunen sett seg i forhold til berekraft er det viktig at kommunen har oversikt over naturmangfaldet, samt miljø- og klimautfordringar i kommunen.

Det er mange truslar mot naturmangfaldet. På verdsbasis er nedbygging av areal den største, tett følgd av andre orsakar som ureining, for mykje hausting og spreiding av skadelege organismar. I framtida vil klimaendringar bli ein aukande trussel. For at Årdal kommune skal kunne forvalte naturmangfaldet på ein god måte er det viktig at administrasjon og politikarar har oversikt over aktuelle lokale naturtypar, artar og deira leveområde og kva som påverkar dei og korleis ein kan unngå tap av naturmangfald. Det er og viktig at kommunen med politikarane som vedtaksmyndigheit er med og påverkar kva vurderingar og verdsetting som skal gjerast i dei ulike utviklingssakene som kjem i konflikt med naturmangfaldet, kva avbøtande tiltak som skal prioriterast osv. Dette sjølvstøtt innanfor rammene i lovverket.

Kommunane har ei nøkkelrolle som planstyresmakt i å sikre at naturen blir forvalta på ein god måte, og gjennom dette bidra til å stanse tapet av naturmangfald. Berekraftig bruk og forvaltning av naturen er avgjerande for å stanse tapet av naturmangfald.

Kommunane er oppfordra til å lage kommunedelplanar som gjer lokalt naturmangfald synleg. Årdal kommune er ein av fleire utvalde kommunar i Noreg som får støtte frå Miljødirektoratet sitt prosjekt for utarbeiding av kommunedelplanar for naturmangfald i kommunane.



1.2 FØREMÅLET MED PLANEN

Noreg har gjennom tilslutning til fleire internasjonale konvensjonar forplikta seg til å ta vare på artar og deira leveområde. Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Fleire av måla har ei direkte eller indirekte påverking på naturmangfald. Vidare samla verdas land seg om ein naturavtale i desember 2022. Denne er kjend som «Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework» og skal bidra til å bevare og betre tilstanden til naturmangfaldet i verda. Noreg skal gjennom Naturavtalen verne 30 % av areala, og 30 % av den forringa naturen skal vere restaurert innan 2030.

Kommunedelplan for naturmangfald skal lyfte fram naturforvaltninga og bidra til å ta vare på naturen i Årdal kommune gjennom berekraftig forvaltning av natur og areal.

Kommunedelplan for naturmangfald skal:

- etablere eit godt kunnskapsgrunnlag for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel
- samle informasjon om naturmangfald som er kjent for innbyggjarar, men som ikkje er kartfesta
- auke kompetansen om forvaltning av natur blant politikarar og internt i kommunen sin eigen administrasjon
- skape eigarskap til naturmangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar
- få til eit godt samarbeid med nabokommunar om ei god forvaltning av felles naturområde

God kunnskapsoversikt, auka kompetanse og tydelege strategiar for forvaltning av natur vil forenkla sakshandsaminga, og gje eit betre beslutningsgrunnlag når ulike interesser skal avvegast i arealforvaltninga. Planen vil og skape grunnlag for betre forutsigbarheit for næringsliv, utbyggingsinteresser og innbyggjarar.



1.3 PLANPROGRAM

Kommunedelplanen for naturmangfald skal utarbeidast som ein kommunedelplan, jamfør plan- og bygningslova §§ 11-12 til 11-15 med tilhøyrande planprogram i samsvar med føresegnene i § 4-1.

Planprogrammet skal gjere greie for:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Opplegget for medverknad
- Behov for utgreiingar

1.4 PLANPROSESSEN

Prosesen for Kommunedelplan for Naturmangfald skal følgje prosesskrava til Plan- og bygningslova med utarbeiding, høyring og fastsetting av planprogram, og utarbeiding, høyring og vedtak av sjølv planen med administrativ og politisk handsaming.

2. RAMMER FOR PLANARBEIDET

Planprosessen er regulert og styrt av Plan- og bygningslova av 2008, sist endra i 2024. Planen vil elles bli utforma innanfor rammene av nasjonalt lovverk, statlege og regionale mål og retningsliner, samt kommunale planar.

2.1 NASJONALE FØRINGAR

Det er eit viktig prinsipp at kommunen i sin planlegging skal ivareta både kommunale,



regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver og at all kommunal planlegging skal leggje statlege og regionale pålegg og retningslinjer til grunn.

Regjeringa legg i nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023- 2027 vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skapa et sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar, også i Noreg.

Regjeringa legg stor vekt på å ta vare på trua natur, og at økosystema vert sikra god tilstand. Kommunane har et særleg stort ansvar for å bidra til dette i planlegginga si, blant anna ved å sikre utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet — Norsk handlingsplan for naturmangfald skildrar korleis regjeringa sin politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet.

Noreg har 24 mål for miljø. Utviklinga vert målt ved hjelp av miljøindikatorar. Dei nasjonale måla for naturmangfald er:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.
- Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua arter og naturtyper skal forbedres.
- Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjonar.



2.2 REGIONALE FØRINGAR

Desse regionale planane kan vere relevante i planarbeidet:

- Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 (under arbeid)
- Plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland
- Regional transportplan for Vestland Fylke 2022-2033
- Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle - 2014-2026
- Regional plan for Klima, Vestland 2022-2035
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional strategisk plan for kysten (Sogn og Fjordane)
- Berekraftig verdiskaping–regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion
- Vassforvaltningsplan for Indre Sogn vassområde
- Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023 – 2027
- Fylkesdelplan for friluftsliv Sogn og Fjordane

2.3 KOMMUNALE FØRINGAR OG ANDRE STYRINGSDOKUMENT

Desse kommunale planane kan vere relevante for planarbeidet:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2022)
- Kommunen sin arealdel (2012, under revidering)

Årdal kommune har fleire planar under arbeid, desse vil bli forankra i kommande planstrategi.

I 2024 og 2025 vil Årdal kommune saman med Fylkeskommunen og Hydro utvikle ein metode for planlegging etter klima og naturrisiko. Metoden vil bli brukt i arbeidet med handlingsdelen til denne planen.



2.4 ANDRE FØRINGAR

I tillegg til planar, nasjonale føringar og strategiar kommunen må forhalda seg til, så har kommunen fleire naturvernområde, naturreservat og landskapsvernområde. Her er gjort vernebestemmelsar som og vert førande for ein del område i kommunen. Kartleggingar med verdsettingar gjort av Statsforvaltaren og gjennom ulike KU-arbeid, må og leggjast til grunn i det vidare arbeidet.

Kommunen er pålagt ei rekke pliktar innan miljøforvaltninga gjennom ulike miljørelaterte lovar. Dei to mest sentrale lovane er Plan- og bygningslova og Naturmangfaldlova.

Plan- og bygningslova er grunnlaget for å styre arealbruken og skal sikre ein samordning og avveging av samfunnsinteresser. Naturmangfaldlova gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek slutningar som har konsekvensar for naturmangfaldet og bruk av areal.

Andre viktige miljørelaterte lover er:

- Ureiningslova
- Friluftsløva
- Jordlova
- Klimaløva
- Kulturminneløva
- Laks- og innlandsfisklova
- Vassforskrifta
- Miljøinformasjonslova
- Motorferdselslova
- Skoglova
- Vass- og kloakkavgiftslova
- Viltlova



3. INNHOLD I PLANEN

Kommunedelplan for Naturmangfold skal vera eit kunnskapsgrunnlag for kommunen sin arealplanlegging, og i handsaming av enkeltsaker etter Plan- og bygningslova. Ein av hovudoppgåvene i planen vil vera å samanstillе og synleggjere allereie eksisterande kunnskap om naturmangfoldet, spesielt med vekt på viktige naturtypar og sårbare artar. Hovudkjeldene til data vil vera allereie gjennomførde undersøkingar, som ulike typar naturkartleggingar. Det kan og vera innspel og data samla inn i samband med tidlegare planarbeid. Innsamlinga og samanstillinga av data skal og vere med på å avdekke eventuelle hol i kunnskapsgrunnlaget om naturmangfoldet i kommunen. Opplysninga skal kunne nyttast som grunnlag for seinare undersøkingar eller krav om nærare undersøkingar. Det kan vera aktuelt å gjennomføre enkelte nye kartleggingar undervegs i prosessen.

Planen skal innehalda følgjande tema:

- Skildring av naturtypar, inkludert tilstand og funksjon av naturen.
- Skildring av trua artar.
- Oversikt over verneområde, status og tiltaksplanar.
- Skildring av aktuelle truslar.
- Klimaendringane sine verknadar på naturmangfoldet.
- Utvikling av strategiar for bevaring av naturmangfold i kommunen og føringar til arealplanlegging gjennom arealbruksstrategiar, bruk av omsynssoner osv.
- Handlingsplan for naturmangfoldet i kommunen som i det minste skal innehalda følgjande tiltak:

- Tiltak for å styrke kunnskapen om naturmangfoldet i kommunen.

- Tiltak knytt til fjerning av uynskte framandarta.

- Framlegg til framtidige kartleggingar og utredningar.

- Tiltak for å dempe konflikt mellom samfunnsinteresser og naturinteresser.



4. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

4.1 ORGANISERING

Politisk forankring

Formannskapet tilrår og vedtek oppstart av planarbeidet, og forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker. Deretter blir eventuelle innkomne merknader og høyringsinnspel samanstilte, før kommunestyret fastset det endelege planprogrammet, jf. § 11-13 andre ledd. Formannskapet skal jamleg bli orientert om den vidare planprosessen fram til naturmangfaldplanen er ferdig. Utvalet gjer den innstillande behandlinga før eit endeleg vedtak i kommunestyret.

Roller og ansvar i prosjektet

Styringsgruppe: Formannskapet

Oppdragsgjevar: Kommunaldirektørens leiargruppe

Prosjektleder: Kommunens miljørådgjevar

Arbeidsgruppe

Det blir sett ned ei arbeidsgruppe av tilsette i kommuneadministrasjonen med naturfagleg og planfagleg kompetanse frå aktuelle einingar under samfunnsutvikling og tekniske tenester. Det kan bli aktuelt å nytte konsulent til delutgreiingar og kartlegging.

Utarbeiding av ein kommunedelplan for naturmangfald inneber i utgangspunktet kostnader for kommunane, men kan gi ei effektivitetsgevinst i den etterfølgjande planprosessen.

Årdal kommune søkte i 2024 Miljødirektoratet om tilskot til utarbeiding av ein slik plan.

Miljødirektoratet har innvilga søknaden, og Årdal kommune har fått tilskot på kr. 400.000,-.

Tilskotet skal gå til å utarbeide ein eigen kommunedelplan for naturmangfald som eit verkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsordenen, og etablere lokal forankring og medverknad i utveljinga av viktige naturområde i kommunen.



4.2 MEDVERKNAD

Det er ei målsetting for arbeidet å skape ein god planprosess gjennom brei medverknad. Lokalutval og ulike organisasjonar (grunneigarlag, elveeigarlag, naturforeiningar, bondelag, osv.) og skular vil verte invitert til å delta aktivt i prosessen. I kommunen har me mange ressurspersonar som har høg kompetanse på naturmangfaldet i kommunen. Desse vil bli invitert særskild til å bidra aktivt inn i planprosessen. Det vil og bli sikra generell moglegheit for medverknad for alle som ynskjer det gjennom kunngjering og offentleg ettersyn på heimeside, i lokalavisa og på FB-sida til kommunen.

4.3 KVA ER SPESIELT YNSKJELEG AV INNSPEL TIL OPPSTART AV PLANARBEIDET?

Me ynskjer gjerne innspel om artar, viktige leveområde eller naturtypar. Legg gjerne ved bilde, og gode skildringar av området, ikkje berre enkeltobservasjonar. Nokre eksemplar på kva som kan spelast inn til planarbeidet.

- Lokalitetar med sjeldne artar, både planter, tre og dyr.
- Lokalitetar med spreiding av uynskte skadelege artar
- Lokalitetar som er viktige område for fugl og dyr, anten beiteområde, hekkeområde, spelplassar, kalvingsområde eller mytingsområde.
- Landskap – spesielle eller viktige landskap (skog, myr, lynghei osv.)
- Geologiske forhold: lokalitetar med geologisk særpreg, eller viktige funn

Innspela treng ikkje vera avgrensa til berre natur. Det kan vera lokalitetar med spesielt særpreg – f.eks. plassar der ein finn ein kombinasjon av viktig natur og kulturminne, eller naturfenomen med spesiell betydning. Det kan vera område som vart hausta eller beita i tidlegare tider og der ein finn naturspor etter tidlegare aktivitet.

Me oppfordrar og til å nytte: <https://www.artsobservasjoner.no/> til å registrere observasjon av artar både under innspelsperioden og seinare.



4.4 FRAMDRIFTSPLAN

Tidspunkt	Aktivitet
Oktober 2024	Vedtak om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn
Oktober- desember 2024	Kunngjøring av oppstart og høringsperiode for planprogrammet
Januar-februar 2025	Fastsetting av planprogram
Februar-november 2025	Kartlegging, analyse, medverknad prosess, utarbeiding av planframlegg
Desember 2025	Høringsperiode framlegg til plan
Februar 2026	Vedtak av plan